



NVS RAPPORT 13/2014

*GPS-merkeprosjektet i
Setesdal-Ryfylkeheiane
ÅRSMELDING 2013*

Lena Romtveit



Romtveit, L. 2014. GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Ryfylkeheiane: Årsmelding 2013. NVS RAPPORT 13/2014 18s.

Forsidefoto: © Olav Strand

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkinn | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerkinn | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

| Skinnarbu 27.02.14

ISSN: 1891-5329

Føreord

Denne årsmeldinga er den fyrste i det nystarta GPS-merkeprosjektet på villreinen i Setesdal Ryfylkeheiane. Den oppsummerar prosjektaktivitet og status for prosjektet i 2013.

Då Norsk Villreinsenter Sør (NVS) er sekretariat er årsmeldinga skriven som ein rapport i NVS sin rapportserie. Rapportar framover i prosjektet, med analyser og resultat vil bli referert og lista opp i komande årsmeldingar. Sekretariatet vil på vegne av prosjektleiinga takke alle deltagarar i prosjektet for samarbeidet i dette spanande fyrste året.

Skinnarbu 27.02.14

Lena Romtveit

Innheld

FØREORD	4
INNHOLD.....	5
SAMANDRAG	7
INNLEIING.....	8
PROSJEKTAKTIVITET I 2013	9
Administrasjon og møteverksemd.....	9
Arbeidsgruppene.....	9
Fagleg aktivitet.....	11
Resultater fra arbeidsgruppene	11
Radiomerking og innsamling av GPS-data	12
Analyser.....	12
ØKONOMI.....	13
Oversyn inntekter 2013	13
Oversyn utgifter 2013	14
Oppsummering	15
PROSJEKTAKTIVITET I 2014	15
Merking vinteren 2013-2014.....	15
Styringsgruppa	15
Arbeidsgruppene.....	15
Budsjett 2014.....	16
Søknader 2014	16

REFERANSAR	18
------------------	----

Samandrag

2013 er det første året av totalt 5 år i GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Ryfylke (2013-2017). Styringsgruppa blei konstituert, valde leiar og blei samde om mandat i mars 2013.

Hovudmålet for dette nye prosjektet er å få reinen til å bruke ein større del av villreinområdet, og då framfor alt større delar av sørrområdet. Interimstyret i prosjektet peika ut 4 hovudtema for prosjektet:

1. *Bestandsforvaltning og økt tetthet av villrein i sørrområdet*
2. *Hvordan øke trekkaktiviteten nord-sør og øst-vest*
3. *Betydningen av veien Brokke-Suleskard og riksvegene mellom SR og naboområdene HV & SA*
4. *Ferdsel i Setesdal Ryfylke, konflikt med villrein og avbøtende tiltak*

Styringsgruppa har valt å arbeide vidare med desse, gjennom eigne oppnemte arbeidsgrupper til kvart enkelt tema. Arbeidsgruppene har fått eigne mandat knytt til sine problemstillingar og rapporterer tilbake til styringsgruppa.

I 2013 blei det GPS-merka totalt 9 reinsdyr, derav 7 bukkar, alle i sørrområdet. Ein av desse, som lenge hadde halde seg lengst sør, blei skoten under jakta. Det er budsjettet med totalt kr 550.000,- til å merke fleire dyr i 2014.

Prosjektet fekk inn til saman like i underkant av 1,7 millionar i 2013. Av dette tar prosjektet med seg nesten kr 400.000,- over i 2014. I tillegg er det søkt om kr 1,4 mill for 2014, jamfør budsjett. Samt at det er søkt om kr 175.000,- ut over dette, hjå instansar som gav avslag i fyrste runde.

I 2013 er det halde to ordinære styringsgruppemøte, samt fleire møte i kvar av dei tre arbeidsgruppene. Det blei ikkje halde noko fellesmøte med Hardangervidda/Nordfjella prosjektet i 2013, som fylgje av for få påmeldte deltakarar. Ein vil truleg likevel ta opp at tråden med fellesmøte, for å halde eit overbyggande regionalt fokus i prosjekta i Langfjella.

NINA og Olav Strand har styrt prosjektet. Leiar i styringsgruppa har vore Kåre Paulsen frå Statkraft og Norsk Villreinsenter Sør, ved Lena Romtveit, har vore sekretariat. Fylkesmannen i Vest-Agder, ved Tor Punsvik, har bidrige med koordinering, kontaktnett og faglege råd.

Innleiing

Hausten 2012 utarbeidde eit breitt samansett interimstyre forslag til eit nytt villreinmerkeprosjekt i Setesdal Ryfylkeheiane. Prosjektet skulle fylge opp tidlegare prosjekt som gjekk i både Setesdalsområda i perioden 2006 – 2010 (Strand m.fl 2011). På bakgrunn av dette arbeidet sendte Fylkesmannen i Vest-Agder (ansvarleg fylkesmann for Setesdalsområdet) ut invitasjon til å delta og finansiere eit nytt villreinprosjekt. Interessa for å delta var god og det blei halde oppstartsmøte i Kristiansand 29. januar og 20. mars 2013. Eit prosjektstyre samansett av deltakande partar blei oppnemnt, med Kåre Paulsen (Statkraft) som styreleiar. Deltakande partar og styringsgruppa med vara er lista opp i tabell 1. Norsk Villreinsenter sør har fått tildelt sekretariatsoppgåva for dette nye prosjektet, til liks som for GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella.

Tabell 1: Oversyn over bidragsytalar og medlemmer i styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Ryfylke prosjektet i perioden 2013-2017.

Styringsgruppemedlemmer (bidragsytalar) med vara	Andre bidragsytalar
Statkraft, Region Vest-Norge v/Kåre Paulsen	Valle kommune
Sira Kvina Kraftselskap v/Per Øyvind Grimsby	Kvinesdal kommune
Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum	Hægebostad kommune
Bygland kommune v/Inge Olav Fjalestad	Åseral kommune
Kommunane Sørområdet v/Oddmund Ljosland	Gjesdal kommune
Sirdal kommune v/Jonny Liland	Fylkesmannen i Rogaland
Suldal kommune v/Torkel Myklebust	Fylkesmannen i Telemark
Gjesdal kommune v/Gudrun Kristensen	Fylkeskommunen i Telemark
Vest-Agder FK v/Bjørg Hellem	Statnett
Aust-Agder FK v/Hans Fløystad	Lyse Produksjon
FM Vest-Agder v/Tor Punsvik	Agder Energi
FM Aust-Agder v/Per Ketil Omholt	Hydro Produksjon
Statens Vegvesen Sør v/Arne Heggland	Otteraaens Brugseierforening
Statens Vegvesen Sør v/Lene Jacobsen	
Villreinnemnda v/leiar Margit Smeland	
Villreinnemnda v/nestleiar Ola Sukka	
Stavanger Turistforening v/Kjelle Helle Olsen	
DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg	
Rettighetshavarane (SR Villreinlag) v/Kristian Steine	
Rettighetshavarane (SR Villreinlag) v/Knut Nomeland	
Rettighetshavarane (Statskog) v/Kristian Eiken Olsen	
Verneområdestyret SVR (forvaltar) v/Tarjei Haugen	

Verneområdestyret SVR (forvaltar) v/Alf Odden SNO v/Peter Hermansen SNO v/Reidar Sandal NINA v/Olav Strand (fagleg leiar) Miljødirektoratet v/Vemund Jaren (observatør) NVS v/Marianne Singsaas (observatør)	
---	--

Prosjektaktivitet i 2013

Administrasjon og møteverksemd

Etter at interimstyret for det nye prosjektet inviterte fleire aktørar til deltaking hausten 2012, blei det halde oppstartsmøte for prosjektet den 29. januar 2013 i Kristiansand. Her blei det gjennomgått ambisjonar for prosjektet, aktuelle problemstillingar, fordelinga av representantar i styringsgruppa og val av prioritera oppgåver og organiseringa av arbeidet framover. Sekretariatet for prosjektet blei gitt til Norsk Villreinsenter Sør i dette møtet. Kort tid etter, den 20. mars, var det halde nytt møte. På dette møtet blei styringsgruppa for prosjektet konstituert med sine medlemmer og det blei valt leiar for gruppa: Kåre Paulsen frå Statkraft. I tillegg blei det nedsett arbeidsgrupper og mandat for desse, og styringsgruppa drøfta også budsjett og finansiering.

Det var på trappene å arrangere eit fellesmøte med GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella i november, men som fylgle av for få påmeldte, blei dette utsatt. Eit rapporterings- og framdriftsmøte blei difor lagt til januar/februar 2014.

Arbeidsgruppene

Eit overordna mål for prosjektet er å få villreinen til å bruke ein større del av heiområdet.

På møtet 20. mars blei det peika ut særleg interessante problemstillingar å jobbe med og tre arbeidsgrupper blei nedsett, for å gå djupare i dei ulike problemstillingane:

Arbeidsgruppe 1 skulle ha sitt hovudfokus på reinens trekk – eller mangel på trekk – i nordområdet. Kva tyder menneskeleg ferdslle her, og kva barriereeffektar representerer dei store magasina Blåsjø og Svartevatn og vegar inn i området? Er det avbøtande tiltak å foreslå?

Tabell 2: Medlemmane i Arbeidsgruppe 1. Leiar av arbeidsgruppa er Per Ketil Omholt, og sekretær er Lars Arne Bay.

Bykle kommune	Sigrid Bjørgum
Suldal kommune	Torkel Myklebust
Villreinlaget	Sondov Bjåen
Villreinlaget	Olaf Vestersjø
Villreinlaget og Fjellstyre	Jan Dagfinn Dalen

Aust-Agder FK	Hans Fløystad
FM Aust-Agder	Per Ketil Omholt
Villreinnemnda	Kay Jeiskelid
Verneområdeforvaltarane	Alf Odden
SNO	Peter Hermansen
SNO	Reidar Sandal
Statkraft, Region Vest-Norge	Kåre Paulsen
Stavanger Turistforening	Kjell Helle Olsen
Sekretær	Lars Arne Bay

Arbeidsgruppe 2 (Tabell 3) skulle i fyrste rekke sjå på barriereeffektar av Brokke – Suleskardvegen, samt forbindelsane mellom villreinområda Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei og Hardangervidda. Kva for avbøtande tiltak kan her vera aktuelle?

Tabell 3: Medlemmane i Arbeidsgruppe 2. Leiar av arbeidsgruppa er Bjørg Hellem, og sekretær er Lars Arne Bay.

Vest-Agder Fylkeskommune	Bjørg Hellem
Statens VegvesenSør	Arne Heggland
SR Villreinlag	Knut Nomeland
Lyse Produksjon AS	Arild Stene
Verneområdeforvaltarane	Tarjei Haugen
DNT Sør	Bjørn Brandtzæg
Sekretær	Lars Arne Bay
Villreinnemnda, Sirdal kommune	Helge Tonstad
Valle kommune	Torleif Harstad
Sirdal Kommune	Jonny Liland

Arbeidsgruppe 3 (Tabell 4) skulle ha hovudfokus på sørrområdet, bruk av randområda og særleg sjå på bestandsforvaltinga. Kan randområda atter bli bruk av reinen gjennom bestandsforvalting, og tiltak for å få reinen til å trekke ut utan fare for og umiddelbart bli felt?

Tabell 4: Medlemmane i Arbeidsgruppe 3. Leiar av arbeidsgruppa er Kristian Steine, og sekretærer er Tor Punsvik og Svein Olav Stegarud.

SR Villreinlag -leiar	Kristian Steine
SR Villreinlag	Arve Aasemoen
SR Villreinlag -sekretær	Svein Olav Stegarud
Statskog	Kristian Eiken Olsen

Villreinnemnda	Thorbjørn Fjermestad
Sira Kvina Kraftselskap	Per Øyvind Grimsby
Hægebostad kommune	Audun Rossevatn
Bygland kommune	Inge Olav Fjalestad
SNO	John Erling Skåtan
FM Vest-Agder	Tor Punsvik

Det blei halde møte rundt i dei ulike arbeidsgruppene ut over året, og ei rapportering frå desse var klar til styringsgruppa i desember 2013. Denne rapporteringa har også vore vedlagt søknadsbreva til ulike instansar, om økonomisk støtte for 2014 (Vedlegg 1).

Fagleg aktivitet

Framdriftsnotat per 07.12.2013, ved Olav Strand:

Vi har nå lagt det første driftsåret i det nye GPS – prosjektet bak oss og det er på tide å oppsummere erfaringene så langt. Samtidig har vi nå kommet såpass lagt i etableringen av det nye prosjektet at det også er naturlig å se framover på de neste faglige milepælene i prosjektet.

Resultater fra arbeidsgruppene

Prosjektets hovedmål er å bidra til å øke villreinens bruk av randområdene i Setesdal Vesthei. Denne målsetningen og aktuelle tiltak for å nå målet bygger på anbefalinger som ble gitt i sluttrapporten fra GPS-prosjektet i Setesdalsheiene og som ble avsluttet i 2010 (Strand m flere 2011). Fram til nå har hovedinnsatsen i prosjektet bestått å etablere tre ulike arbeidsgrupper som har jobbet med å klarlegge behov for datainnsamling og ulike tiltak som kan bidra til prosjektets hovedmål. Arbeidsgruppene har ennå ikke avsluttet sitt arbeid, men en har kommet så langt et en har realistiske forventninger om reelle tiltak. Blant annet er en kommet langt med å fastsette nye bestandsmål som vil bli forankret i driftsplanen for området. Nye bestandsmål vil være ca 1500 dyr i sør og 2000 dyr i nordområdet. En har også kommet langt i arbeidet med å planlegge en større fredningssone i sør og overgangsordninger til sentrale jaktområder hos Statskog. Til sammen gjør dette at vi kan se på effektene av både økt bestandsstørrelse og fredningssoner. En har også fått belyst og konkretisert behovet for datainnsamling i aktuelle fokusområder (se vedlagte referater fra arbeidsgruppene).

For prosjektets framdrift og måloppnåelse er det viktig at tiltakene kan bli iverksatt så raskt som mulig slik at vi i løpet av prosjektperioden kan dokumentere effektene av tiltakene som iverksettes.

Radiomerking og innsamling av GPS-data

Sist vinter radiomerka vi i alt ni reinsdyr med GPS – sendere. Av disse var 7 bukker, alle i sørøstområdet. I tillegg ble det merket to simler, ei i sør og ei i nord. Kommende vinter ser vi for oss et merkebehov på fem simler i nord, fem simler i sør samt 5 bukker i sør. Vi har mista noen av de radiomerka dyra, bla annet ble en av de ny-merka bukkene som hadde tilhold lengst sør skutt under jakta i år. Ut over dette har innsamlingen av GPS data gått som planlagt.

Analyser

Så langt har vi ikke veklagt noen nye analyser i materialet fra Setesdalsheiene. Vi har riktignok gjort et par innledende analyser for å se på effektene av bestandsstørrelse på habitatseleksjon men kommer til å avvente sluttføring av disse analysene. Mot slutten av prosjektperioden kommer vi til å gå dypere inn i disse problemstillingene. Hypotesene som skal testes her er hvordan preferansen for beiter endres slik at mindre optimale beiteområder også benyttes ved større tetthet. Disse analysene vil også gi oss muligheter for å beskrive hvordan responsene på forstyrrelser endres med økt tetthet. Dersom en lykkes med bestandsoppbygningen i sørøstområdet og samtidig klarer å holde bestandsstørrelsen i nord relativt konstant vil disse analysene få et tilnærma ”eksperimentelt” design hvor vi i sør har en før og etter situasjon, og hvor bestandstettheten er mer enn 3 doblet siden vi startet datainnsamlingen i 2007. Disse dataene vil støttes av tilsvarende analyser på Hardangervidda hvor bestandsstørrelsen også er ca tredoblet. Data fra nordområdet blir et referanseområde og hvor bestandsstørrelsen forhåpentligvis blir stabil gjennom prosjektet. I de kommende månedene kommer vi til å starte med analyser av to datasett som har betydning for prosjektet:

1: Effekter av individvariasjon på arealbruken. Målsetningen med disse analysene er å se i hvilken grad individer bruker landskapet ulikt og om reinsdyr har det vi kan kalle ”tradisjoner” for sin arealbruk. Dersom enkeltindivider eller flokker har en tendens for å bruke enkeltdeler av områdene mer enn andre så vil slik atferd også kunne ha stor betydning for jaktutøvelsen og de langsiktige effektene av jakt. Vi besitter nå et såpass stort materiale både fra setesdalsheiene og andre villreinområder at vi kan gjennomføre slike analyser på en robust måte.

2: Individuelle livshistorietrekk og arealbruk. Så langt er så å si all kunnskap om villreinens bestandsdynamikk og livshistorietrekk basert på analyser gjort på bestands eller populasjonsnivå. Unntakene er fra tamrein hvor en lyktes med å framskaffe data og analyser også på individnivå. Gjennom GPS-prosjektet har en nå såpass mye data på individuelle karaktertrekk (slaktevekt, gevir, kavingstidspunkt) at det er interessant å begynne å se på individuelle data og koble disse til habitatkvalitet og individenes arealbruk. I første omgang ser vi for oss slike analyser av GPS datasettene, deretter analyser hvor vi også ser på individuelle livshistorieparametre.

Økonomi

Prosjektleiinga gjekk breitt ut og søkte om midlar i oppstartsåret 2013. Ikkje alle bidragsytarane ein søkte om midlar gav positive tilsagn, men auka bidrag mellom anna ifrå nemnda, gjorde at ein likevel fekk litt meir inn enn budsjettet (budsjett; ca kr 1.600.000,-). Noko av midlane som kom inn i 2013 er ikkje nytta og blir difor overført til 2014. Totalt var det per 31.12.13 kr 398 759,- disponibelt i 2014 (tabell 8). Styringsgruppa har drøfta om ein skal nytte desse overskytande midlane til ein samfunnsfagleg del av prosjektet. Dette blir då ei utviding ut over prosjektskildringa, men ei avgjerd er ikkje tatt på dette enno.

Oversyn inntekter 2013

Tabell 5: Inntekter frå bidragsytarane i 2013.

Bygland kommune	25 000
Statkraft Energi	55 000
FM i Augst-Agder	50 000
Sira-Kvina kraftselskap	55 000
Statens vegvesen	150 000
Valle kommune	50 000
Vest-Agder fylkeskommune	50 000
FM i Rogaland	50 000
FM i Telemark	25 000
FM i Vest-Agder	50 000
Villreinnemnda for Setesdalsområdet*	341 526
Otteraaens Brugseierforening	55 000
Lyse Produksjon	18 333
Åseral kommune	25 000
Sirdal kommune	50 000
Statnett SF	55 000
Bykle kommune	50 000
Gjesdal kommune	25 000
Suldal kommune	50 000
Telemark fylkeskommune	25 000
Hægebostad kommune	25 000
Miljødirektoratet	350 000
Norsk Hydro Produksjon	18 334
Agder Energi Vannkraft	18 333
Kvinesdal kommune	25 000
Sum inntekt	1 691 526

*Tilsot frå villreinnemnda var ikkje budsjettert, men skuldast overføring av restmidlar på deira driftsbudsjett ved årets slutt.

Oversyn utgifter 2013

Tabell 6: Utgiftene er i hovudsak knytt til merking, datainnhenting og arbeidet i arbeidsgruppene. Sekretærtenesta frå NVS er vederlagsfri og kostar ikkje noko for prosjektet.

Prosjektkostnader	
Direkte prosjektkostnader:	
Vecronic, senderar	64 064
Eksterne tenester/investeringspott	20 000
Sms/gps	22 020
Alere, vevsprøver villrein	2 294
Veterinærconsult	91 800
ATS, senderar/mottakerar	37 253
Vecronic, senderar	160 753
Sjur Johan Vatnedalen	10 000
Stegarud natur, sekretærtenester	51 634
Bay bygg- og utmarkstjenester	119 890
Reise- og møtekostnader	48 623
Dyreposisjoner	14 517
Jämtlandsflyg	165 191
Sum direkte prosjektkostnader:	808 039
Timekostnader	
Olav Strand, 75 timer	88 125
Roy Andersen , 121,5 timer	116 640
Sum timekostnader	204 765
Andre kostnader	
Finansiering av Manuelaas postdoc	100 336
Andel av Manuelaas villreinprosjekt	171 038
Underdekning fra "gamle" Setesdalsprosjekt fra 2012	8 589
Sum andre kostnader	279 963
Sum prosjektkostnader	1 292 767

Oppsummering

Tabell 7: Midlane overført frå 2013 saman med estimerte inntekter for 2014 (omsøkte midlar).

Overført frå 2013 (per 31.21.13)	398 759	
Estimert inntekt i 2014	1 400 000	
Totalt disponibelt i 2014	1 798 759	(Ut frå tal per 31.12.13)

Prosjektaktivitet i 2014

Merking vinteren 2013-2014

Innsamlinga av GPS-data har gått som planlagt, ut over at ein mista nokre av dei radiomerka dyra. Av desse blei mellom anna ein av dei ny-merka bukkane, som heldt til lengst sør, skoten under jakta i 2013. Med bakgrunn i dette og vidare framdrift i prosjektet, er det komande vinter er det skissert eit merkebehov på fem simler i nord, fem simler i sør, samt 5 bukkar i sør.

Styringsgruppa

Etter rapportering ifrå arbeidsgruppene er det klart at det er eit arbeid å gjera på konkretisering og spissing av problemstillingar, fram mot testing av tiltak. Dette medfører at styringsgruppa må bli samde om kvar ein står med omsyn til dei ulike problemstillingane, og kva handlingsrom ein dermed har i prosjektet. NINA har nyleg motteke midlar til eit overbyggande forskingsprosjekt på adaptiv forvaltning, der dei ynskjer å bruke SR-prosjektet i nokre av undersøkingane. Noko av det som ligg i dette, er at ein ynskjer å køyre styringsgruppa for SR-prosjektet gjennom ein gruppeprosess, slik at styringsgruppa kan få brei semje om vegen vidare i prosjektet: Kvar er prosjektet og problemstillingane mogne for testing av tiltak, og kvar trengs det meir kapasitetsbygging før ein kan gå meir konkret til verks? Dette er også ei samling styringsgruppa bør gjera så tidleg som råd i 2014. På styringsgruppemøtet i prosjektet 18. februar 2014, blei det drøfta å om ein skulle ta noko av dei ubruka midlane frå 2013 til ei slik samling i 2014 (jamfør s 13; Økonomi). Vidare må arbeidsgruppene halde fram med sine arbeid og rapporteringa til styringsgruppa på dette.

Arbeidsgruppene

Arbeidsgruppene vil måtte konkretisere og spisse sine problemstillingar tidleg i 2014, slik at ein så raskt som råd kan koma i gang med testing av tiltak i dei ulike områda som er skissert opp. Nokre stader vil ein måtte gjere noko meir datainnsamling før tiltak settast i verk. Døme på dette er trafikkteljingar over

Brokke-Suleskardvegen, ferdsselsregistreringar langs vegen inn til Store Urar, og ytterlegare innsamling av data om ferdsla i områda inn til og rundt Blåsjømagasinet. I arbeidet med bestandsplanen saman med villreinlaget, er det moglegheitene for å få til jaktfrie soner og samjaktavtaler som vil vera i fokus for 2014.

Budsjett 2014

For 2014 er det budsjettert med totalt kr 1.400.000,-. Desse utgiftene fordeler seg i hovudsak på merking, men også ein del på ferdsselsregistreringar og drift av arbeidsgrupper, ut over den vanlege basisforskinga. Utgiftene er presisert i tabell 7.

Tabell 7: Budsjett i SR-prosjektet 2014.

GPS-merking i sørrområdet, 5 simler à kr 40.000,-	Kr 200.000,-
GPS-merking i sørrområdet, 3 bukkar à kr 50.000,-	Kr 150.000,-
GPS-merking i nordområdet, 5 simler à kr 40.000,-	Kr 200.000,-
Ferdsselsregistreringar langs og frå vegen til Store Urar:	Kr 150.000,-
Drift av arbeidsgrupper, etablering av tiltak og sekretær:	Kr 100.000,-
Drift av styringsgruppa:	Kr 40.000,-
Basisforskning, planlegging, gjennomføring og analyse:	Kr 400.000,-
Fagleg drift av prosjektet (v/NINA):	Kr 160.000,-
Samla kostnader driftsåret 2014:	Kr 1.400.000,-

Søknader 2014

For å dekke inn budsjetterte utgifter, er det søkt om kr 1.400.000,-, jf tabell 7 for 2014. Søknadane for det samla budsjettet er sendt dei same bidragsytarane som bidrog inn i prosjektet i 2013. I tillegg er det sendt ny søknad og invitasjon inn i prosjektet i 2014, til dei som avslo søknaden i 2013. Desse søknadene utgjer samla kr 175.000,-. Totalt er det difor totalt søkt om kr 1.575.000,- i 2014, jf tabell 8.

Tabell 8: Søknader 2014: Oversyn over omsøkte midlar for 2014, både til dei som gav bidrag i 2013, og til dei som avslo.

<u>Dei største villreinkommunane:</u>	
Suldal kommune:	kr 50.000,-
Sirdal kommune:	kr 50.000,-
Bykle kommune:	kr 50.000,-
Valle kommune:	kr 50.000,-
<u>Andre villreinkommunar i SVR:</u>	
Kvinesdal kommune:	kr 25.000,-
Hægebostad kommune:	kr 25.000,-
Åseral kommune:	kr 25.000,-
Bygland kommune:	kr 25.000,-
Gjesdal kommune:	kr 25.000,-

NVS RAPPORT 13/2014

Fylkesmennane i Rogaland, Aust- og Vest-Agder, à kr 50.000,-, og fylkeskommunane i Aust- og Vest-Agder, à kr 50.000,-:	kr 250.000,-
Fylkesmennene i Hordaland og Telemark og fylkeskommunen i Telemark à kr. 25 000,-:	kr 75.000,-
Regulantar og kraftlinjeeigarar (jf intern fordelingsnykel):	kr 275.000,-
Statens Vegvesen:	kr 150.000,-
Miljødirektoratet:	kr 325.000
Samla omsøkt beløp for 2014, jf budsjett:	kr 1.400.000,-
<u>Avslag 2013, ny søknad 2014:</u>	
Forsand kommune:	kr 25.000,-
Hjelmeland kommune:	kr 25.000,-
Vinje kommune:	kr 25.000,-
Odda kommune:	kr 25.000,-
Hordaland Fylkeskommune:	kr 25.000,-
Rogaland Fylkeskommune:	kr 50.000,-
Sum :	kr 175.000,-
Samla 2014 (ut over budsjettert):	kr 1.575.000,-

I skrivande stund er svara på søknadane om økonomisk bidrag inn i GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Ryfylke i ferd med å koma inn. Så langt ser det særslig lovende ut, også for 2014!

Strukturen som er valt i dette prosjektet, med breitt samansette arbeidsgrupper som arbeider med kvar sine problemstillingar, gjev mange interessante perspektiv og godt eigarskap til prosjektet. Me vonar me går nokre spanande forskings år i møte, med villreinen i Setesdal-Ryfylkeheiane.

Skinnarbu 27.02.14, Lena Romtveit.

Referansar

- B: Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinens bruk av Setesdalsheiene- Sluttrapport fra GPS merkeprosjektet 2006- 2010. NINA Rapport 694. 145s.

ISSN: 1891-5329

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkinn | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerkinn | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA